

**Arkiv:** <arkivID><jplD> TI-  
&32, FA-G00  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 08.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
038/21	Alver formannskap	22.04.2021
020/21	Eldreråd	19.04.2021
015/21	Utval for helse og omsorg	20.04.2021
023/21	Ungdomsråd	19.04.2021
017/21	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	19.04.2021

### **Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg - oppfølging av PwC-rapport**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Det vert starta opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg som rapporterer undervegs fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet.

Organisering av dag- og aktiviseringstilbodet for brukarar i habiliteringstenesta vert evaluert og samstundes vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet.

Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar.

#### **Eldreråd 19.04.2021:**

##### **Handsaming:**

Leni Dale-kommunalsjef orienterte i saka.

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg.

##### **ER- 020/21 Vedtak:**

Eldrerådet har ingen merknader.

#### **Ungdomsråd 19.04.2021:**

##### **Handsaming:**

##### **UR- 023/21 Vedtak:**

UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:**

##### **Handsaming:**

Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og imøteser vidare involvering.

På møtet vårt i juni kjem vi tilbake til representasjon i referansegrupper i prosjektet, og til korleis vi ønskjer at desse gruppene vert trekte inn.

Det er viktig at det heilt frå starten av ligg til grunn at tenestemottakarane skal kunna leva aktive liv, med størst

mogleg sjølvstende.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **RMNF- 017/21 Vedtak:**

Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og imøteser vidare involvering.

På møtet vårt i juni kjem vi tilbake til representasjon i referansegrupper i prosjektet, og til korleis vi ønskjer at desse gruppene vert trekte inn.

Det er viktig at det heilt frå starten av ligg til grunn at tenestemottakarane skal kunna leva aktive liv, med størst mogleg sjølvstende.

### **Utval for helse og omsorg 20.04.2021:**

#### **Handsaming:**

Kommunalsjef Leni Dale orienterte og svarta på spørsmål.

Utval for helse og omsorg vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **HO- 015/21 Vedtak:**

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:

Det vert starta opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg som rapporterer undervegs fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet.

Organisering av dag- og aktiviseringstilbodet for brukarar i habiliteringstenesta vert evaluert og samstundes vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet.

Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet.

Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg.

Saka skal avgjerast i formannskapet.

#### **Bakgrunn**

Rekneskapstal innrapportert til Kostra frå 2019 for dei tre kommunane Meland, Radøy og Lindås viser høge netto driftsutgifter til heimetenester. Tenestnivået er vidareført i Alver og kostratal for 2020 viser soleis same biletet.

Kostragrunnlaget skiljer ikkje mellom ordinære heimetenester, habiliteringstenester og psykisk helse og rus.

Det er derfor vanskeleg å finne gode samanlikningsdata med andre kommunar og ein må då bruke andre data i tillegg for å lage gode samanlikningstal innan desse områda.

På denne bakgrunn vart det bestemt å få eit eksternt firma til å gjennomføre kartlegging og gjennomgang av tenestetilbodet i helse og omsorg med spesielt fokus på habiliteringstenester og psykisk helse og rus. Hensikten med arbeidet var å identifisere områder kor vi kan drive meir kostnadseffektivt og framleis yte lovpålagte tenester på ein forsvarleg måte. Kartlegginga vart gjennomført av PricewaterhouseCoopers (PwC ) hausten 2020. Dei leverte sin rapport 11.01.21 som inneheld gjennomgang, vurdering og handlingsplan for kort-og langsiktige tiltak for effektivisering og kostnadsreduksjon innan tenesteområda habilitering og psykisk helse og rus

PwC presenterte rapporten for formannskap, utval for helse og omsorg og for leiarar og hovudtillitsvalde 12.01.21.

#### **Saksopplysningar:**

PwC har identifisert tiltak i rapporten som ikkje tilsvarar storleiken på innsparingane som er vedtatt i økonomiplan 2021-2024 for desse to tenesteområda. Dei fleste av tiltaka vil av omsyn til lov-og avtaleverk krevje tid å få gjennomført og effekten av tiltaka vil først kunne vise seg om fleire år. Ein etablert praksis gjennom mange år for nivå og måten tenestene vert utført på, vil ta tid å endre. Det er mange tiltak som er føreslått som det ikkje er sett ein direkte innsparingssum på, men samla sett vil dette gje ein økonomisk gevinst og vera naudsynt for å kunne gjennomføre andre innsparingstiltak.

Arbeidet med tiltaka krev ein god og kvalitetssikra prosess der medverknaden bli ivaretatt. Av denne grunn vil rådmannen tilrå å prosjektorganisere store delar av dette arbeidet i eit administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbedring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg. Dette prosjektet vil ta opp i seg dei fleste tiltaka i rapporten.

Hovudmål for prosjektet vil vere *Alver kommune skal gjennom leiing og kvalitetsforbetring sikre forsvarlege tenester og effektiv ressursutnytting.*

Prosjektet vil ha eit 4-årig perspektiv der det skal rapporterast fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet undervegs. Det skal utarbeidast årsrapportar for kva ein har oppnådd for kvart år prosjektet pågår. Strategiske avklaringar må gjerast undervegs og i eigne politiske saker der sakene er av prinsipiell karakter. Det er allereie starta forbetnings- og utviklingsarbeid innan fleire områder. Dette arbeidet held fram og skal ikkje endra framdrift som følge av prosjektet, men rapportere til prosjektet.

Tiltak skildra i rapport som å avvikle Radøy interkommunale butiltak og samlokalisering andre avdelingar vert tatt opp til handsaming i eigne politiske saker. Samlokalisering krev bustader og investering. Det vil vere naturleg at dette vert tatt opp i arbeidet med bustadsosial handlingsplan som venteleg startar opp i 2022.

**Vedlegg i saken:**

10.04.2021	Rapport kartlegging av Helse og omsorg i Alver kommune	1539837
10.04.2021	Prosjektforslag - Prosjekt leiing kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor Helse og omsorg	1539838